



Radøy Skyttarlag v/ Kornelius Manger  
Radøyvegen 1737  
5936 MANGER

|            |                      |            |             |
|------------|----------------------|------------|-------------|
| Dato       | Sakshandsamar        | Vår ref.   | Dykkar ref. |
| 24.06.2015 | Kristine Skaiaa Born | 15/122 - 8 |             |

## Svar på søknad om viltfondmidlar

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 048/2015:

### Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Det vert gitt 150 000 kroner i tilskot frå Radøy kommune sitt viltfond til bygging av standplass 100 m og innkjøp av elektroniske skiver på den nye skytebana.  
Dokumentasjon på bruk av midlane vert sendt Radøy kommune når tiltaket er gjennomført.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Med helsing  
Kristine Skaiaa Born  
rådgjevar landbruk

Andre mottakarar:  
Radøy Skyttarlag v/ Kornelius Manger